

# MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 46/2004

Møtedato: 8.9.04

Arkiv nr:

## Vasetfondet – søknad om tilskot

Erstatningsfond for Vaset turistutbyggingsområde skal etter statuttane avviklast. Tilskot frå fondet kan gjevast til stølsbrukarar som driv husdyrhald ut frå støl i området og som kan vise til ulempe av turistutbygginga. Ved utløp av søknadsfristen den 30.4.03 var det kome inn to søknader.

Steinar Lagrud, Knut Storhaug og Vidar Opheim har i skriv datert 25.3.03 i fellesskap søkt om tilskot innkjøp av utstyr som trengst for å gjennomføre beitetiltak som er skissert i 6 punkt. Utgiftene til opparbeiding av kulturbeite vil truleg bli dekkja av STIK-midlar. Det blir derfor søkt om tilskot til innkjøp av nødvendig utstyr som er kostnadsrekna til kr 102.875.

Jørgen Holden søker i brev datert 8.4.03 om tilskot til inngjerding av kulturbeite på Stubbeset og til kjøp av del i Baklie fellesstøl. Arbeidet med kulturbeite er kalkulert til kr 48.800 og kjøp av del i fellesstøl til kr 14.000.

Tiltaka som er planlagt vil kunne få statleg tilskot gjennom SMIL-midlar. Det blir gitt tilskot på 35 til 70 % av kostnadsoverslaget. Landbrukskontoret hjelper til med å lage planer og søknad til landbruksavdelinga hjå Fylkesmannen i Oppland.

Fjellstyret såg svært positivt på planane som var lagt fram og ynskjer å støtte dette med tilskot frå fondet, men tilskot vil fjellstyret knytte opp mot utførte tiltak og ikkje til dekning til innkjøp av utstyr.

Før fjellstyret behandla søknadene om tilskot, sette fjellstyret krav om at søkjaren fremme søknad om SMIL-midlar. Etter denne behandlinga ville fjellstyret vurdere tilskot på den del som ikkje blir dekkja av SMIL-ordninga. Fjellstyret gav Holden i sak 32/03 kr 14.000 i tilskot til kjøp av del i Baklie fellesstøl.

- Opheim har fått vist ut ca 100 da som skal ryddast til beite. Han har fått tilsegn om kr 60322 i SMIL-tilskot, dvs. 35 % tilskot av ei total kostnadsberekning på kr 172350.
- Lagrud har fått vist ut ca 44 da som skal ryddast til beite. Han har fått tilsegn om kr 32471 i SMIL-tilskot, dvs. 35 % tilskot av ei total kostnadsberekning på kr 92775.
- Holden har ikkje søkt om SMIL-tilskot. Etter reglar i SMIL-ordninga ligg prisane han har skissert over normen. Pris for 800 m gjerde blir etter reglane kr 40.000.
- Storhaug har fått tilsegn om SMIL-tilskot for ca 10 da og det er ca 20 som han ikkje har søkt om endå. I tillegg har han fått vist ut ca 65 da tidlegare (1986) som han delvis dyrka og delvis rydda som beite. Han har fått dyrkingstilskot for 20 da av dette. Han ynskjer at det som er gjort tidlegare også skal reknast med ved tildeling frå fondet. Rekna etter same norm som dei andre, vil kostande med opparbeiding av beite (fråtrekt dyrkingsareal) truleg bli rundt kr 135.000. Storhaug var ikkje klar over ordninga med tilskot frå Vasetfondet, han ville elles ha søkt om tilskot tidlegare. Fjellstyret har ikkje annonsert eller offentliggjort ordninga sidan fondet vart oppretta.

Sidan det er gått så lang tid sidan søknadsfristen gjekk ut, må fjellstyret behandle søknadane sjølv om ikkje alle søknadane er behandla etter SMIL-ordninga. Søknadane er behandla ut frå rammer som kommunen har behandla søknadene etter, dvs kr 50 pr meter gjerde og kr 1000 kvart dekar rydda beite. Disponibelt beløp i fondet er fordelt med ein prosentsats som gjer at fondet blir avvikla.

## Vedtak:

Tilskot blir gitt for faktisk utført arbeid med beiterydding og oppføring av gjerde innfor desse rammene:

Søkjjar	Dekar beiterydding	Meter gjerde	Sum utgift	Tilskot %	Tilskot kr
Vidar Opheim	100	1447	172350	42 %	72387
Steinar Lagrud	44	775	82750	42 %	34755
Knut Storhaug	75	1200	135000	42 %	56700
Jørgen Holden	0	800	40000	42 %	16800

Vilkår for utbetaling følgjer same retningsliner som for SMIL-ordninga.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 11.10.04.

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Jørgen Holden  
Steinar Lagrud  
Knut Storhaug  
Vidar Opheim